



Kommunen har no gjeve rammeløyve for dei 5 tomannsbustadane som skal byggjast i Ospelunden (skisse over). Det er

**Kvinnherad Bygg som skal stå for byggjinga medan Ospelunden AS er tiltakshavar. Dei 10 bueiningane skal dels ha garasje og dels vera utan garasje. Utsjåandet blir som i prosjektet Hagetunet i sentrum.**

Dei 2 husa med garasje får eit bruttoareal på 120 kvadratmeter og dei 3 husa utan garasje får eit bruttoareal på 91 kvadratmeter.

Vilkåret for rammeløyvet er at det vert søkt kommunens tekniske tenestar om tilknytning til offentleg avlaup og at det skal liggja føre avfallsplan.

Det kan ikkje startast før det ligg føre igangsetjingsløyve. Naboar oig gjenbuuarar er varsla og det ligg ikkje føre protestar.